



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 07.10.2024 kl. 17:30-18:50

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Lillian Gjervik	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

Forfall:

Terje Mork	Nestleiar
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2024/29		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2024/30		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 18.09.2024	RUNE ZIENER
SR 2024/31		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2024/32		Budsjettforslag 2025 og økonomiplan 2026-2028	RUNE ZIENER

Askvoll, 07.10.2024

Rune Ziener
referent

SR 2024/29 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SR 2024/30 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 18.09.2024

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 18.09.2024.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 18.09.2024.

SR 2024/31 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 24/2024 Kyrkjemusikkutvalet: *Møtereferat* 26.09.2024

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2024/32 Budsjettforslag 2025 og økonomiplan 2026-2028

UTGREIING

Etter økonomiforskriften for sokn i Den norske kyrkja § 6 (1) skal organ for soknet på kommunenivå kvart år vedta ein rullerande økonomiplan, jf. 2. ledd skal planen omfatte dei neste fire åra.

Etter 3. ledd skal planen gi eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte planar i perioden.

Vidare skal organ for soknet på kommunenivå etter § 7 (1) kvart år fremje eit samla forslag til kommunen om samla løyvingar til den kyrkjelege verksemda i kommunen, samt forslag til løyvingar i økonomiplanperioden.

Soknet har fått frist til **7. oktober** for oversending av forslaga til kommunen.

Førebels innlagt ramme til soknet for 2025, jf. budsjettsskriv frå kommunen, er opplyst, til å vere:

Tilskot 2024-nivå	Kr 3.936.000,-
Kommunal deflator (4,1%)	Kr 161.376,-
<u>Førebels ramme 2025</u>	<u>Kr 4.097.376,-</u>

Satsingar

Med nedtrekket ein hadde både i 2023 og 2024 kombinert med høg lønns- og prisvekst siste åra har særleg frie midlar til vedlikehalds- og utviklingstiltak vore vanskeleg å finne rom for. Dette er forsøkt styrka i planforslaget.

Varmestyringssystem

Ei større driftsutgift som vil tilkomme i løpet av 2025 er utskifting av varmestyringsanlegget i Askvoll kyrkje. Eksisterande anlegg vil ikkje fungere etter 2025 når 2G og 3G mobilnett vert lagt ned.

Det er ikkje føreteke vurderingar på kva anlegg ein bør/kan få, men det ligg føre eitt tilbod på kr 62.500,- utan installasjon for oppgradering.

Robotklipparar

I budsjettforslaget er og lagt inn leasingavtale på to robotklipparar til Askvoll kyrkjegard.

M.o.t. kapasitet og klippepresisjon bør ein gå over til satelittstyrte (og ikkje kabelstyrte som ein har i dag) klipparar som mellom anna vil frigjere tidsbruk for kyrkjegardsarbeidarane. Leasingkostnad for to klipparar er om lag kr 40.000,- frå sesongstart 2025.

Kyrkjeadministrasjonen

Kyrkjeadministrasjonen er og noko styrka frå våren 2024, og ein må finne tilfredsstillande finansiering her.

DEL 1: Investeringar

Det er teke utgangspunkt i kommunen sitt økonomiplanvedtak frå 2023, som går fram til

2027.

Investeringar i perioden lagt inn der:

	2025	2026	2027	(2028 ny)
Drenering Askvoll kyrkjegard	100.000			
HC-tilkomst koret i Askvoll kyrkje	100.000			
Tak Askvoll kyrkje			2.600.000	
	200.000	0	2.600.000	0

I vedtaket er oppstart av prosjektet med takrestaurasjonen på Askvoll kyrkje skyvd ut til 2027, mot omsøkt oppstart i 2025. I planforslaget er oppstarten omsøkt tilbakeført til 2026 med årlege tilskot inntil prosjektet er ferdig.

To av soknet sine innmeldte tiltak i førre innsendte investeringsplan kom altså ikkje med i Askvoll kommune sitt vedtak. Desse var:

- Namna minnelund på Askvoll kyrkjegard
- Nytt orgel i Kvammen kapell

Desse er føreslege teke inn igjen i soknet sin økonomiplan.

Kommentar ønska investeringsprosjekt:

1.1 Rullestolrampe Holmedal kyrkje:

Dette var del av det pågåande rehabiliteringsprosjektet på Holmedal kyrkje. Bygging av rullestolrampe til hovudinngangen var eit delprosjekt som er gitt opsjon på.

Det låg ikkje føre godkjenning frå biskop/Riksantikvaren på tiltaket, då tilbodskonkurransen vart gjennomført. Godkjenning kom i 2024, men då med ei løysing med større endringar samanlikna med faktisk tilbod.

Ny tilbodskonkurranse er enno ikkje gjennomført, men SWECO har slikt estimat frå september 2024 (eks. MVA):

Anleggsarbeider (rampe)	375.065,-
Grøft og drenering for takvatn	145.200,-
Adm.kostnader (byggeleing etc.)	60.000,-
<u>Totalt resterande prosjektkostnad</u>	<u>580.265,-</u>

Delprosjekt 1 og 2 vart dyrare enn forutsett, og det står att udekka kr 412.906,- i prosjektet etter 2023. Totalt udekka i investeringsrekneskapen for 2023 er kr 452.806,-.

Søknad til Askvoll kommune om å dekke inn mellom anna prosjektunderskotet er sendt i juni 2024, men her ligg ikkje føre svar pr. no.

Uansett utfallet av denne søknaden vil det framleis vere trong for fleire investeringsmidlar for å fullføre prosjektet.

Samla oversyn Holmedalprosjektet

Udekka i rekneskapen 2023	412 906
Bokført hittil i år	7 000
Gjenståande arbeid på tårnet	50 000
HC-inngang og drenering	580 265
<u>Totalt å finansiere</u>	<u>1 040 171</u>

Inndekking fondsbruk	-197 335
Kommunal løyving 2024	-270 000
Sum tilgjengelege midlar	<u>-467 335</u>
Manglande finansiering	572 836
Omsøkt tilleggsløyving* (2024)	-215 571
Nødvendig løyving 2025	-367 265
Sum	0

*Det er søkt Askvoll kommune om totalt kr 255.471,- i tilleggsløyving til investeringar i 2024 (jf. vedtak FR 2024/16). Differansen kr 39.900,- gjeld overskytande i søknadssummen til inndekking av øvrige prosjektoverskridingar i 2023.

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement. Pr. i dag er det ei mellombels løysing med ei enkel trerampe som vert sett fram ved behov.

Ikkje tilfredsstillande dreneringsløysing ved kyrkja for å få unna takvatn. Dette kan føre til fuktskadar på bygget.

1.2 Tak Askvoll kyrkje:

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Tilstandsanalyse og utarbeiding av tiltaksplan/kalkyle er gjennomført i 2020, og det er tilrådd rehabiliteringsarbeider på kyrkjetaket innanfor ein 10-årsperiode.

Akasia, som har utført tilstandsanalysen, har oppdelt rehabiliteringsprosessen i delprosjekt i følgjande prioriteringsplan (merk at her er kostnadsestimata ikkje oppjusterte til dagens prisnivå):

Prio. 1:	Skipets takkonstruksjoner	2,9 millionar
Prio. 2:	Koret sine takkonstruksjonar	1,1 millionar
Prio. 3:	Tårnfotens skifertekking	2,3 millionar
Prio. 4:	Kobbertekking på tårn	0,3 millionar
	<u>Totalkost ekskl. MVA</u>	<u>6,6 millionar</u>

Konsekvens ved manglande løyving:

Seinsommaren 2024 vart det gjort nokre utbetringar som strakstiltak for å stoppe lekkasjar som har oppstått som følge av at takstein er skada og har falt ned.

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at enda fleire takstein løsnar, og at det oppstår fleire lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

Det hastar med å komme i gang med omfattande restaurering her.

1.3 Drenering Askvoll kyrkjegard:

Sidan november i 2021 har ein vore kjent med at dreneringsløysinga på delar av utvida del av Askvoll kyrkjegard (frå 2016) ikkje fungerer som den skal. Hovudutfordringa her er at det er nytta for dårlege jordmassar, slik at naturleg drenering ned til steinlaget under

gravnivå ikkje fungerer.

Det er avgjerande at ein no snarast får etablert eit fungerande dreneringssystem, for pr. i dag stettar ikkje gravfelte krava i lov og forskrift. Det er utarbeidd eit løysingsforslag, men dreneringsprosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Konsekvens ved manglande løyving:

Dei naturlege nedbrytingsprosessane som skal skje på ein gravplass, skjer ikkje i dag på delar av utvida del.

Grunnforholda på delar av gravplassen er ikkje i samsvar med krav i lov og forskrift.

1.4 Handicaptilkomst til koret i Askvoll kyrkje:

Her ligg ikkje føre konkret prosjektplan eller kalkyle.

Stipulert finansieringsbehov kr 100.000,-

Konsekvens ved manglande løyving:

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement.

1.5 Namna minnelund på Askvoll kyrkjegard:

Det er i soknerådsmøte i august 2022 reist spørsmål om ein kan anlegge namna minnelund på nye gravplassen i Askvoll. Saka er dels utgreidd, og det er sett ned ei arbeidsgruppe som vil utarbeide eit forslag. Arbeidsgruppa er ikkje ferdig med dette arbeidet, og dette arbeidet stoppa opp mellom anna då det ikkje kom opp realistisk finansieringsalternativ for anlegget.

Namna minnelundar vert stadig meir utbreidd og etterspurt på gravplassar i Norge, og hovudfordelane er at dei er svært arealbesparande m.o.t. gravareal, det krevst mindre vedlikehaldsressursar og dei pårørande får eit tilbod om gravminne der kyrkjegarden sine folk står for stell og vedlikehald utan eigne gravminne.

Ei namna minnelund vil sjølvstøtt variere veldig i kostnad, alt etter kor omfattande arbeidet med oppsett av felles minnesmerke og utforminga elles vert. Det er her tilrådd at ein omregulerer eit av dei nye eksisterande gravfelte til minnelund, så ein vil i utgangspunktet berre ha kostnader knytt til nytt fellesminnesmerke.

Ein kan ta utgangspunkt i ein kostnad her på kr 300.000,- og så gjere vurderingar og evt. justeringar etter kvart.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein misser høvet til meir arealeffektiv bruk av delar av utvida del av kyrkjegarden.

Ein vil ikkje ha eit utvida tilbod til pårørande som av ulike grunnar ikkje har høve til å stelle gravene sine.

1.6 Orgelet i Kvammen:

Det er i 2022 gjennomført befaring ved orgelbyggar på orgelet i Kvammen.

Orgelbyggar opplyser at orgelet er om lag 45 år gammalt, og konkluderer i sin rapport med at:

«Orgelet er per i dag begrenset brukbar og organisten må finne ut hvilken stemmer er eventuelt greit å bruke. Dette vil også variere med årstider og luftfuktigheten i kapellet. For at man kan stemme orgelet, må skadene i vindladen repareres og motoren overhales!»

Orgelbygger gjer eit forsiktig estimat på ca. kr 400.000,- for å setje dette i stand, men seier vidare at orgelet må demonterast og arbeidet må utførast på verkstad. Det er ikkje råd å sjå kor omfattande skadane er før dette vert demontert.

Imidlertid har det vorte gjort orgelfagleg vurdering av ei slik restaurering, og ein har konkludert med at det ikkje er tilrådeleg å ta denne jobben, men heller anskaffe eit nytt digitalt orgel.

Prismessig ligg eit høveleg orgel på om lag kr 400.000,-

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein har ikkje eit fullt brukbart orgel og dette let seg ikkje stemme før reparasjonar er utført, eller ein anskaffer nytt orgel (som er soknerådet sitt primære ønske).

1.7 Kyrkjeorgelet i Holmedal kyrkje:

Utan at det påverkar kommunal løyving, har Askvoll sokneråd også lagt inn restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2025. Dette er ei utsetjing i forhold til tidlegare økonomiplan, då Riksantikvar og orgelbygger tilrår å vente med dette prosjektet til arbeid med bygningsrehabiliteringa er ferdig.

Det er inngått kontrakt med orgelbygger til dette prosjektet med oppstart i 2025.

Opphavleg kontraktssum er på kr 679.120,- men denne vert justert etter byggekostnadsindeksen. Første 18 mnd i utsetjingsperioden utgjorde prisstigningen i aktuell indeks 5,1%. Med tilsvarende prisstigning resterande 6 mnd før oppstart er forventa, justert kontraktssum kr 725.000,-.

Ein har om lag kr 665.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar (kr 170.100,-). til orgel og inventar i Holmedal kyrkje som kan nyttast til differansen her (ca. kr 60.000,-)

Alternativ tilleggsfinansiering til prosjektet kan vere å søkje tilskot frå Kyrkjebevaringsfondet.

Investeringsbehov

På bakgrunn av ovanståande bør ein melde inn til Askvoll kommune slikt behov for investeringstilskot i planperioden:

	2025	2026	2027	2028
Tak Askvoll kyrkje		2.000.000	2.000.000	2.000.000
HC-tilkomst Holmedal kyrkje	367.000			
Drenering Askvoll kyrkjegard	100.000			
Handicaptilkomst koret i Askvoll	100.000			
Orgelet i Holmedal	0			
Orgelet i Kvammen		400.000		
Namna minnelund Askvoll			300.000	
Sum pr. år	567.000	2.400.000	2.300.000	2.000.000

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansierte og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn

kommunalt driftstilskot, då primært trusopplæringstilskotet frå rettssubjektet Dnk, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2025 i balanse.

2.1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

Utgifter

2.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Høg lønnsvekst i 2024 (i KA-sektoren hadde 2024-oppgjeret ei ramme på 5,2%) vil også gi effekt på faktiske kostnader i 2025 både for lønn og pensjon. Det er venta eit lønnsoppgjer med høg ramme også i 2025 med 4,6% i prognosen.

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå frå 2024, men dette inneber og at kyrkjeadministrasjonen er auka opp med 10% stillingdel frå våren 2024.

Diakoniprojektet er og føreslege vidareført etter februar 2025.

Her er lagt inn 4,6% lønnsvekst for 2025 i samsvar med estimat frå SSB, og ein har forventa utgift på lønn og sosiale utgifter på kr 3.289.000,- i 2025, som inneber 7,5% auke samanlikna med opphavleg budsjett 2024.

2.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.050.000,-, som er på nivå med opphavlege økonomiplan 2024 (og 2023).

Fleire varer har i løpet av 2023 og 2024 hatt ei betydeleg prisstiging. I praksis inneber det ei realnedgang i ramme for vare- og tenestekjøp, og nokre innsparingar er påkrevde.

Det er vidare føreslege brukt kr 190.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2025, opp kr 90.000,- frå førre økonomiplan.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan 2025.

(Forslaga under i VU-planen vil gå til endeleg vedtak i budsjettvedtak for 2025, og ein må sjå dette i samanheng med framdrift og kostnad i VU-plan 2024.)

Førebels VU-plan 2025	Utgift
Destruksjon/fjerning av gravminne	10 000
Ny leasingavtale to robotklipparar (9/12 av årspris) til Askvoll kyrkjegard	40 000
HMS-avtale (Avonova)	29 000
Nytt varmestyringssystem Askvoll	70 000
Vurdering og evt. fjerning/beskjæring av tre Holmedal	20 000
Uføresett	21 000
<u>Sum</u>	<u>190 000</u>

Fleire tiltak kan verte teke inn i planen i samband med budsjettvedtak for 2025 finansiert med mellom anna bruk av bundne fondsmidlar.

2.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 18.000,- til eigenkapitalinnskot.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 98.000,-

Inntekter

2.1.4 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying.

Festeavgift

Det er registrert ca. 160 festeutløp i 2024, med tilbod om fornying i 2025. Dette er noko lågare enn talet for 2024, der det var om lag 30 fleire utløp.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa (altså 128 graver), vert stipulert for inntekt for festeavgift i 2024 sett til kr 188.000,- altså mindre enn budsjettet for 2024.

Betaling for kyrkjelege tenester

Med verknad frå 2021 har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester. Det er speling før start (kr 276,-) og kyrkjemusikar si øving med solist (kr 443,-) som er nytt her, og ein ser så langt at dei aller fleste vel tilbodet om preludering ved gravferd.

Siste tre åra har ein hatt i snitt 39 kyrkjelege gravferdsseremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 11.000,- her.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-.

Vidare er det stipulert kr 5.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Det er lagt inn kr 48.000,- i refusjon/sal av tenester for utleige av organist.

Total eigeninntekt er sett til kr 258.000,-.

2.1.5 Refusjonar og overføringar

Ingen forventa refusjonar og overføringar frå eksterne ut over kompensert MVA og evt. sjukelønnsrefusjon.

2.1.6 Rammetilskot eigen kommune

Her er i samsvar med kommunen sitt budsjettsskriv lagt inn vidareført tilskotssum frå 2024 med tillegg av 4,1% kommunal deflator: kr 4.097.376,-.

Utanom dette er det lagt inn ønska auke på kr 129.625,- i forslaget for å dekke opp for auken i lønns- og personalkostnader samt styrke tiltak i VU-planen tilbake til 2023-nivå.

2.1.7 Andre tilskot og gåver og overføringar

Stipulert kr 20.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Prosjektet «*Musikkdiakoni i Askvoll*» er innvilga tilskot frå Bjørgvin bispedømme (gitt i 2022) og helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år.

Prosjektet er ferdig i mars 2025, men forutsett vedtak i soknerådet, vil ein forlenge dette for tre nye år. Søknad går då til helse og omsorgsetaten om nytt tilskot på kr 3x 30.000,- og vidare bruk av restmidlar i tilskotet frå bispedømmet. Eigenfinansiering frå diakonifond hos soknet (inntil kr 26.011,- for ny prosjektperiode) er føreslege her.

Estimert prosjektkostnad for 2025 vert kr 82.000,- til prosjektet, som vert inntektsført med bruk av avsetningar og tilskot.

Samla tilskot og gåver og overføringar: kr 102.000,-

Hovudoppsett

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	ØP 2025	ØP 2024
Utgifter:		
Lønn og sosiale utgifter	3 289 000	3 053 000
Vare- og tenestekjøp utanom VU-plan	1 050 000	1 050 000
VU-plan utanom fondsfinansierte tiltak	190 000	100 000
Refusjonar og overføringar	98 000	95 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 627 000</u>	<u>4 298 000</u>
Inntekter:		
Brukarbetaling, sal, avgifter	-258 000	-279 000
Refusjonar og overføringar	0	0
Rammetilskot eigen kommune	-4 097 375	-3 936 000
Auka ramme kommunalt driftstilskot	-169 625	
Andre tilskot og gåver og bruk av avsetningar	-102 000	-80 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 627 000</u>	<u>-4 295 000</u>
Differanse	0	3 000

2.2 Hovudkapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for dei enkelte tenestene for 04400- vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2025.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag og økonomiplan for 2025-2028 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja og ber om:

a) Investeringstilskot i perioden:

	2025	2026	2027	2028
Tak Askvoll kyrkje		2.000.00 0	2.000.00 0	2.000.00 0
HC-tilkomst Holmedal kyrkje	367.000			
Drenering Askvoll kyrkjegard	100.000			
Handicaptilkomst koret i Askvoll	100.000			
Orgelet i Holmedal	0			
Orgelet i Kvammen		400.000		
Namna minnelund Askvoll			300.000	
<u>Sum pr. år</u>	<u>567.000</u>	<u>2.400.00</u> 0	<u>2.300.00</u> 0	<u>2.000.00</u> 0

b) Driftstilskot for 2025:

	2025
Varsla rammetilskot	4.097.375
Nødvendig auke	169.625
<u>Samla driftstilskot 2025</u>	<u>4.267.000</u>

MØTEHANDSAMING

I drøftingar i møtet vart det sett fram forslag om følgjande tekstlege tillegg til vedtakspkt. a i forslaget:

Ein arbeider med forprosjekt for parkeringsløyising ved Vilnes kyrkje i 2024.

Det vil komme utgifter til dette prosjektet seinare i økonomiplanperioden, og ein vil komme tilbake til endelege kostnader etter at forprosjektet er ferdig.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag og økonomiplan for 2025-2028 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja og ber om:

a) Investeringstilskot i perioden:

	2025	2026	2027	2028
Tak Askvoll kyrkje		2.000.00 0	2.000.00 0	2.000.00 0
HC-tilkomst Holmedal kyrkje	367.000			
Drenering Askvoll kyrkjegard	100.000			
Handicaptilkomst koret i Askvoll	100.000			
Orgelet i Holmedal	0			
Orgelet i Kvammen		400.000		
Namna minnelund Askvoll			300.000	
<u>Sum pr. år</u>	<u>567.000</u>	<u>2.400.00</u> 0	<u>2.300.00</u> 0	<u>2.000.00</u> 0

*Ein arbeider med forprosjekt for parkeringsløysing ved Vilnes kyrkje i 2024.
Det vil komme utgifter til dette prosjektet seinare i økonomiplanperioden, og ein vil komme tilbake til
endelege kostnader etter at forprosjektet er ferdig.*

b) Driftstilskot for 2025:

	2025
Varsla rammetilskot	4.097.375
Nødvendig auke	169.625
<u>Samla driftstilskot 2025</u>	<u>4.267.000</u>